



Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket Informasjonsskriv om tilskotsordningar 2025.

**Søknadsfrist for tilskot gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap:
Torsdag 20. mars 2025.**

Det kan søkast om:

- 1. Tilskot til årleg drift av jordbruksareal. Gjeld alle gardsbruk med godkjent skjøtselsplan. Du må søkje om dette tilskotet kvart år gjennom AGROS. Tilskotssatsar er 100 kr/daa for fulldyrka areal og 160 kr/daa for innmarksbeite i god hevd.**
- 2. Tilskot til ulike investeringstiltak, rydding av hamning og liknande. Sjå tabell på side 2.**

Søknader sendast elektronisk, via søknadssystemet AGROS. Når tiltaket er utført ber du om utbetaling via AGROS. Dette gjeld og tilskot til årleg drift av jordbruksareal. Ein blir varsla via Altinn 1 månad før fristen gjeng ut. Fristen kan forlengast ved å sende ein e-post til landbrukskontoret. Skal du ha tilskotet utbetalt på året 2025, må utbetalingsanmodning vera sendt i AGROS seinast 20. november.

Kontakt landbrukskontoret dersom du treng hjelp til å søkje! Hugs å ta med bank id dersom du kjem innom for innlogging i AGROS.

Søknader om tilskot til utvalde kulturlandskap vert handsama av Vågå kommune.

Vågå kommune har fått tildelt 1,1 millionar til utvalde kulturlandskap i Nordherad for 2025. Ca kr 100 000,- av tilskotspotten blir i 2025 haldt att til eit felles tiltak, biologisk mangfald. Årleg går ca kr 50-60 000 til Nordheradsprosjektet.

Tilskot til prosjekt i utvalde kulturlandskap blir behandla etter *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap og Røros bergstad og Circumferensen (forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområder.*

Forvaltningsplan for Nordherad gjev føringar for korleis midla skal nyttast. Nokre av tiltaka skal kontrollerast av kommunen. Ein kan derfor forvente at tiltaka skal synfarast etter at tiltaket er utført.

Tilskot og utmåling, investeringstiltak (ikkje i prioritert rekkjefylgje), med atterhald om tildeling frå staten og mange søknadar:

Kategori med eksempel		Kommentar/eksempel	Tilskottssats
1	«Bolig»: Våninghus, sel med boligstandard (bygget skal ha antikvarisk verdi).	Kan vurdere høgare sats for ekstra kostnader pga. antikvariske omsyn	25-35 %. Inntil kr 150 000 per bygning.
2	«Tun»: Driftsbygningar og andre bygningar som vil bli brukte i næring, kulturminne i private område		35-50 %
3	«Nærmiljø»: Andre bygningar på/nær gardstunet, tilrettelegging for ferdsel	Stabbur, tørrstugu, smie, rydding av stigar	50-60 %
4	«Landskap»: Tiltak med liten privat nytteverdi, bygningar utanfor gardstunet, kulturminne i fellesområde, rydde beite	Lyu, husmannsplass, uthus på seter, tufter, vassveiter	60-80 %
5	«Drift»: Mindre driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingsmidlane	Driftsbygningar og andre anlegg (mekanisering, mindre ombyggingstiltak)	Inntil kr 150 000 pr. tiltak, maks. 40 %
6	Rydding av hamning		Inntil 1 000 kr/daa
7	Gjerding (gjeld landbrukseigedommar). Tilskott til nytt vanleg nasjonalgjerde med toppbord, skigard og stakittgjerde.		Inntil 100 kr/meter. Maks 300 meter per søkjar per år.
8	Tilskott til utgreiing av prosjekt i næring/tilleggsnæring	Til dømes driftsplanar, utleige, turisme	Inntil kr 20 000, maks 40 %
9	Støtte til kjøp av Nofence/Monil (eller tilsvarande) på geit og storfe. Sjå Nofence.no for prisar og meir informasjon. Blir det stor pågang kan ein risikere å måtte vente eit år før tilskott blir utbetala.	Søkjar må grunngje behovet og kva for bruk ein ser føre seg. Ein bind seg for at bjøllene skal nyttast innanfor UKL Nordherad i 5 år. UKL, ved styret, kan legge føringar for kva området bjøllene skal nyttast i.	Inntil kr 150 000, maks. 40 %

For eigeninnsats vert rekna 350 kr/time for eige arbeid frå eigar og vaksne medlemmar av huslyden.

Det kan godkjennast inntil kr 700 kr/time for eigne maskiner (gravemaskin, traktor m/hengar og liknande).

For fleire av tiltaka krev vi kostnadsoverslag. Dersom det er krevjande å få til innan fristen, bare varsle landbrukskontoret eller legg inn kommentar i AGROS om at kostnadsoverslag kjem seinare.

Prioritering investeringstiltak 2025:

1. Arealtilskot til slått av fulldyrka areal og beiting av innmarksbeite i god hevd
2. Nordheradsprosjektet
3. Rydding av innmarksbeite
4. Diverse tiltak i fjos
5. Nofence
6. Gjerding
7. Vatningsanlegg
8. Bygg/kulturminner
9. Diverse

Har du spørsmål, eller treng råd om å søkje tilskot, kontakt:
Landbrukskontoret v/ Anna Bilstad (anna.bilstad@vaga.kommune.no) , tilstades
måndag og tysdag . Telefon 900 84 102.

Eller kontakt leiar i Nordheradsprosjektet, Einar Hårstad (ei-haars@online.no).

